

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2014	Formannskapet i Radøy	PS	15.05.2014
023/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	12.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/298	14/2803

### Utvida rammer for startlån 2014

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert søkt Husbanken om ytterlegare lån til vidare utlån med kr 4 mill for 2014.

#### Saksopplysingar:

I budsjettet for 2014 vedtok kommunestyret å ta opp lån i Husbanken for vidare utlån med kr 3 mill. Føresetnadene for budsjettvedtaket var at nye retningslinjer for startlån skulle setjast i verk i 2014. Intensjonen med retningslinjene var å «spissa» startlånsordninga mot vanskelegstilte. Kommunestyret vedtok ei endring i rådmannen sitt framlegg til retningslinjer, slik at unge i etableringsfasen berre skulle vurderast mot noverande inntekt, og ikkje mogeleg framtidig inntekt. Dette førte til at unge førstegongsetablerarar, der t.d. ein person i husstanden er under utdanning og den andre er i arbeid, kunne koma inn under startlånsordninga. Frå 1. april 2014 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet sett i verk ei ny forskrift om startlån, som klårt avgrensar verkeområdet for startlån. No er det berre dei som har langvarige problem med å finansiera bustad som kan få startlån.

Det er så langt i 2014 handsama 16 søknader om startlån. Av desse har fem fått avslag anten fordi søknadene fell utanom retningslinjene, eller søkjarane har for høg inntekt. Dei som fell utanom ordninga kan t.d. vera personar som skal reetablere seg eller søkjer om fullfinansiering gjennom startlån.

Det er gitt ni tilsegner om startlån med til saman kr 2.821.000.

Frå rekneskapsåret 2013 har vi udekkta startlånsmidlar på kr 822.870, som må dekkast inn av låneoptak i 2014.

Frå Husbanken har vi fått tilsegn om startlån til vidare utlån med kr 2.460.000, medan vi søkte om kr 3.000.000. Husbanken har altså redusert tilsegna med 18% i høve til søknad. Av dei kr 2.460.000 må vi nytta 822.870 til oppdekking av lån frå 2013, og har disponibelt for vidare utlån kr 1.637.130.

Når vi så langt i 2014 har gitt tilsegner på kr 2.821.000, betyr det at vi har disponert ca 1,2 mill meir enn dei tilgjengelege midlane.

Den nye forskrifta gjer at færre enn før vil søkja om startlån, men det er vanskeleg å vurdere konkret kor mange søknader kommunen vil få. Rådmannen legg til grunn at det vert gitt tilsegn om ytterlegare 2 mill i løpet av 2014, slik at samla utlån i 2014 vert ca kr 4.821.000. Vi treng såleis ta opp

ytterlegare kr 3,2 mill i lån til vidare utlån frå Husbanken.

Dersom vi legg til grunn at Husbanken igjen vil redusera tildelinga i høve til søknad, bør det søkjast om 20% meir enn det vi faktisk treng, dvs kr 4 mill.

#### **Formannskapet i Radøy - 028/2014**

##### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

##### **FS - vedtak:**

Det vert søkt Husbanken om ytterlegare lån til vidare utlån med kr 4 mill for 2014.

#### **Kommunestyret i Radøy - 023/2014**

##### **KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

##### **KS - vedtak:**

Det vert søkt Husbanken om ytterlegare lån til vidare utlån med kr 4 mill for 2014.